



forum for
natur og
friluftsliv i
Sogn og Fjordane

Asplan Viak
c/o Olav Eikland
Postboks 701 Stoa
4808 Arendal

Leikanger, 31. mars 2014

INNSPEL TIL PLANPROGRAM FOR OMRÅDEREGULERING BRULANDSVELLENE

FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsansjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftsansjonane i aktuelle saker. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.802.

Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

FNF vil i samarbeid med Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane kome med følgjande innspel til forslaget om områderegulering på Brulandsvellingene i Førde kommune:

Vi vil ikkje kommentere den delen av planområdet som allereie er utbygd, men konsentrere oss om dei 152 daa som til no ikkje er utbygd. Som eit hovudpoeng vil vi leggje vekt på *jordvernet*, men andre viktige punkt er avgrensing av *utslepp av CO₂ og anna ureining*, og at *elva og kantvegetasjonen* (buffersone) må bli tatt vare på.

Jordvern:

Området som er omfatta av forslaget til planprogram er av Førde kommune definert som kjerneområde for landbruk i ein eigen fagrapport. Det er då uforståeleg om kommunen sjølve skulle gå inn for å bygge vidare på handelsparken i området. Både nasjonalt og lokalt er det eit mål å

redusere omdisponering av dyrka mark, og når det dreier seg om eit kjerneområde for landbruk som til og med er i aktiv drift, skal ein leite lenge etter gode nok argument for å byggje ut området.

Ein auke i lokal, regional og nasjonal matforsyning vil bli meir og meir naudsynt etterkvart som folketalet aukar her i landet, men og i dei landa som vi importerer mat frå. Dei vil etterkvart få større og større trong for å bruke den maten dei produserer innanlands. Eit viktig poeng i CO₂-rekneskapen er å produsere maten nærast mogleg der den blir spist (på same måte som med andre varar vi treng), her har vi og eit ansvar om vi skal redusere utsleppet av CO₂. Internasjonal handel vil alltid vere der, og har positive sidar vi ikkje skal sjå bort ifrå, men ei avgrensing er naudsynt om ein skal nå klimamåla.

Sentrale styringar:

Nyleg blei ein samla næringskomite på Stortinget einige om at det skal lagast ein strategi for å styrke jordvernet. Dette vert rekna som ein stor seier for jordvern. Det har lenge vore ein «bit for bit»-forvaltning av matjord, jord som har vore brukt eller burde vore brukt til matproduksjon, vert brukt til andre formål. Det kan det bli slutt på med ein jordvernstrategi som ser heilheten i bruken av matjord.

Landbruksministeren har gjentatte gonger sagt at det er eit mål å auke sjølvforsyningsgraden og matproduksjonen, og Stortinget har einstemmig støtta desse måla. Næringskomiteen peiker på at det er naturleg at det ambisiøse målet til statsråden og Stortinget får konsekvensar for utviklinga i politikken. Det er naudsynt med større medvit. Likevel har statsråden vist til lokaldemokratiet når ho har tatt stilling i jordvernsaker. Dette viser kor viktig det er å få lovfesta heimel for vern av dyrka jord. Ny matjord vert danna svært seint, få centimeter kan ta hundre- eller tusenvis av år for å byggje opp.

Sogn og Fjordane Bondelag sitt årsmøte har sagt at det er på høg tid at det vert innført eit juridisk og nasjonalt vern for å hindre nedbygging av matjord. Jordvern må verte eit overordna omsyn når vegar og sentrumsutvikling i fylket skal planleggjast. Fylkeslaget seier at matjord er ein avgrensa ressurs, som i svært liten grad er fornybar. Dei seier at å prioritere ned jordvernet er å prioritere det kortsiktige. Dette er fråsegner som FNF fullt ut sluttar seg til.

Jordlova:

§ 1.Føremål

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

I § 9 som handlar om bruk av dyrka og dyrkbar jord, står det:

”Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika.”

Plan og bygningslova:

Plan- og bygningslova av 2008 har i § 3-1 ei opplisting av oppgåver og omsyn som skal takast ved planlegging etter lova. Her står det at *”Innenfor rammen av § 1-1 skal planer etter denne lov b) sikre jordressursene, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer.”*

CO2-utslepp og anna ureining:

I forslaget til planprogram vert det sagt at forholda skal leggjast til rette for kollektivtransport og gang-/sykkelveg for å få ned CO2-utslepp, anna ureining og trafikkstøy. Dette er vel og bra, men samstundes legg ein opp til ei storstilt utbygging av parkeringsplassar (1550), noko som ikkje rimar om ein skal få ned biltrafikken. Dessutan vil det vere eit fåtall som vil nytte kollektivtransport, eller gå/sykle til og frå, for å handle varar som ein bygger store handelsparkar for å få plass til (mykje av varane treng ein bil for å frakte heim).

Det blir peikt på at regional storhandel samla på ein stad vil føre til mindre trafikk fram og tilbake mellom mange mindre handelsområde. Dette er eit argument som ikkje kan tolkast som anna enn å få folk til å handle i Førde. Minst trafikk får ein utan tvil ved å gje folk tilbod i nærleiken av der dei bur, altså ikkje konsentrert på få plassar dit ein må reise over lange avstandar. Folk vil ikkje bruke timesvis i bil for å handle om dei kan få tak i det dei treng nokre minutt unna.

Rikspolitiske retningslinjer:

I rikspolitiske retningslinjer for areal- og transportplanlegging vert det lagt vekt på ein effektiv arealbruk og betre miljø i byar og tettstader. Avgrensa transporttrong, korte avstandar til daglege gjeremål, klare grensar for tettstadane, samling av naturinngrep, høg tettheit av bygg, auka omsyn til grønstruktur og kulturmiljø er ting som vert nemnt i retningslinjene. I tillegg til effektiv arealbruk, miljøvenlege transportval, unngå byspreiing / bilavhengigheit / dårlegare tilgjenge for dei utan bil. Mykje av dette rimer dårleg med den planlegginga (eller mangel på slikt) som føregår i Førde.

Felles planstrategi i Sunnfjord:

I felles planstrategi for Sunnfjord seies det at ein skal skape næringsklynger. Desse er det ingen grunn for at skal ligge berre i Førde (spreidd utover noko av den beste landbruksjorda i fylket). Ved å leggje tilboda rundt i kommunane, nært til der folk bur, vil ein få mindre transporttrong, og folk kan bruke meir av fritida si på ein annan måte. Tidsklemma er eit kjent problem, særleg for barneforeldre, men og for andre.

Planstrategi i Førde:

Førde sin eigen planstrategi legg opp til å ta vare på jordbruksområde, kulturlandskap og friluftsområde. FNF kan ikkje sjå anna enn at det inneber å unngå utbygging på jordbruksjord. Det vert og sagt at færre menneske må reise langt for å få tak i naudsynte varar. Etter FNF si oppfatning vil dette seie at det må kome tilbod fleire stader enn i Førde, elles må folk frå regionen reise dit for å få det dei treng.

Den kommunale planstrategien og den føreslåtte utbygginga peiker såleis kvar sin veg, og må innebere at det ikkje vert noko av den føreslåtte utbygginga. Elles tyder kommunen sine egne ord i planstrategien ingenting.

Plassering av nye bygg:

Som argument mot å plassere planlagte bygg i sentrum, vert det i planforslaget peika på at store, enkle og billige bygg er vanskeleg å tilpasse tomtstorleik og arkitektur i sentrum, og at ei slik utbygging i sentrum vil gje auka tungtrafikk og meir keisamt gatemiljø. FNF kan ikkje uttale seg om storleiken på alle dei ledige tomtane i Førde sentrum, men vi har problem med å sjå heilheita i arkitekturen i sentrum. Auka tungtrafikk vil det verta uansett kor bygga vert lokalisert, men gatemiljøet i sentrum er i dag totalt dominert av stor biltrafikk som heilt klart kan bli mindre ved å innføre restriksjonar på parkering, som til dømes parkeringsavgift, som i dag ikkje finst i Førde, bortsett frå ved sentralsjukehuset som ligg eit godt stykke frå sentrum. Ved andre sentra i fylket (Florø, Måløy og Sogndal) har dei hatt avgift på parkering i ei årrekke.

Førde si stilling som «fylkeshovudstad for handel»:

Det vert hevda i forslaget til planprogram at Førde har tradisjon som «fylkeshovudstad for handel». Dette er ei sanning med store modifikasjonar. Ein tradisjon som er bygd opp gjennom få tiår kan knapt kallast ein tradisjon. Først i 1965 vart Førde utpeikt som vekstsenter i fylket, før det var det ikkje større handelstilbod der enn elles i fylket, og det gjekk enno lang tid før ein fekk ei vesentleg endring. FNF vil understreke viktigheita av å desentralisere varetilbodet ut i lokalsamfunna. Elles vil ein ikkje kunne nå måla om reduksjon av klimagassutslepp.

Problem kring auka handel:

Ein stadig aukande handel som det vert lagt opp til, gjev auka ressursbruk og auka transporttrøng. Auka ressursbruk fører igjen til sløsing og auka mengder med avfall, folk kjøper varar dei strengt tatt ikkje treng, i staden for å bli oppfordra til å forlenge brukstida på det dei har og leggje til rette for gjenbruk. Eit rikt land som Noreg kan ikkje tillate seg å leggje opp til stadig større ressursbruk og sløsing, vi må heller gå framføre som eit godt eksempel for dei landa som gjer store sprang framover i velferdsutvikling. Tilgangen på ressursar i verda vil etterkvart setje grenser for vårt forbruk, og dei rike landa må vere med å styre dette. Fattige land vil alltid bruke oss som «mal» for ein del av det dei ynskjer å oppnå.

Elva med kantvegetasjon:

I planprogrammet må det med som eige punkt at elva Jølstra med holmar og kantvegetasjon ikkje må bli endra ved ei evt. vidare utbygging. Dette er viktig for å ta vare på leveområde for fisk og

anna liv i og langs elva, og eit urørd elvemiljø vil og vere eit stort pluss for folk som bur i nærleiken. Ei konstatering av at det ikkje er funne kravfulle eller sjeldne artar i planområdet, kan ikkje aleine seie noko om verdien av å ha eit naturleg miljø langs elva i nærleiken av bustadområde. Om ein skal etablere tursti langs elva må denne ligge slik at kantvegetasjonen blir spart mellom turstien og elva. Den er eit viktig naturleg opplevingselement i samband med ein tursti. Kantvegetasjonen har og ei viktig bufferrolle i samband med flaum.

Konklusjon:

Forum for natur og friluftsliv vil på det sterkaste frårå at den føreslåtte områdereguleringa for Brulandsvellingene vert gjennomført, først og fremst av omsyn til jordvern og matproduksjon, men og omsynet til klimagassutslepp må det leggjast stor vekt på.

Sogn og Fjordane Turlag
Naturvernutvalet
Ron Overdevest, leiar



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Thorleif Jakobsen, leiar



Forum for natur og friluftsliv
Ove Eliassen, prosjektmedarbeidar